



Voss herad

AKAN kontaktar
HMS rådgjevar
Mobil:
HVO—Trude Kvarekval Lydvo
Mobil: 95262088

Bedriftshelse I
Telefon: 56 53 09 00

Dokument – ID

Dokumentet er ein del av AKAN dokumenta i Voss herad
Utarbeidd av: *HMS rådgjevar*
Revidert: 08.06.21
Neste revisjon: 2022



Voss herad

Arbeid mot rus og
avhengigheit i
Voss herad
AKAN



Innhald

Voss herad sin rus og avhengigheitspolitikk	s. 2
Førebygging, tiltak og handling	s. 2 og 3
Retningsliner for AKAN	s. 5
Faresignal og kva gjer eg	s. 6

Arbeid mot rus og avhengighet i Voss herad, AKAN

Voss herad sin rus- og avhengighetspolitikk

- Arbeidsplassen er meir enn berre ein jobb. Det er ein plass der relasjonar vert skapt, og det er ein unik arena for førebygging
- Det er dei sosiale normene me har på arbeidsplassen som avgjer kva haldningar og åtferd som er akseptable og kva som er uakseptabelt. Jobben er med å skapa vår identitet, utvikling og tilhøyrighet

Mål for arbeidet

Førebygging

- Sjølve arbeidstilknytninga er for mange ein sterk motivasjon til forandring. Jobben bidreg til å skapa vår identitet, tilhøyrighet og utvikling. Arbeidsplassen kan bidra til større openheit om eit tabubelagt og vanskeleg tema, slik at me kan fanga opp rus- og avhengighetsproblematikk så tidleg som råd og følga opp dei som treng hjelp.
- Ulike studiar viser at dei som drikk mest og som drikk seg oftast berusa, er oftare borte frå jobb enn arbeidstakarar som drikk mindre. Likevel er det den store majoriteten, dei som drikk seg berusa av og til, som står for den største andelen av kostnadane. Det skuldast at gruppa moderate forbrukarar er så mykje større enn gruppa som drikk mest. På bakgrunn av dette er våre førebyggjings tiltak retta mot alle tilsette, og ikkje berre mot høgrisiko grupper.

Arbeid mot rus og avhengighet i Voss herad, AKAN

AKAN-kontakt

Voss herad har to AKAN- kontaktar, HMS rådgjevar og HVO.

AKAN utval

Heradet har eit AKAN utval, med AKAN kontaktar, to medlemmer frå HR avdelinga og eit medlem frå bedriftshelsetenesta

Støtte

Leiar og andre tilsette får veiledning og støtte hjå og AKAN-kontakten og bedriftshelsetenesta

Arbeid mot rus og avhengighet

Voss herad har retningslinjer for AKAN. Me føl AKAN kompetansesenter sine anbefalingar

AKAN kompetansesenter si heimeside god orientering:

www.akan.no

Test deg sjølv med BALANCE

Balance er eit internettbasert helsefremmande tilbod til dei som vil sjekka og eventuelt justera sine alkoholvanar.

Du finn programmet på AKAN sine heimesider. www.akan.no

Arbeid mot rus og avhengigheit i Voss herad, AKAN

Faresignal

Endra åtferd:

Noko er det, men kva?

Aukande fråvær, spesielt etter ferie, fridagar og lønningdagar
Gløymer avtalar, er ukonsentrert, redusert arbeidskapasitet, arbeidskvalitet og tryggleik. Humørsvingingar?

Kva gjer eg som tilsett om eg har problem?

Be om ein samtale med leiar eller AKAN kontakt, ta kontakt med bedriftshelsetenesta (dei har teieplikt), snakk med legen din, eller ring AKAN

Du kan be om ein individuell AKAN-avtale



Kva gjer eg som leiar?

Ta den nødvendige samtalen om du er bekymra for ein tilsett.

Det treng ikkje å vera AKAN relatert, det kan vera andre grunnar til det du observerer. Spør, det kan hjelpa den tilsette.

Gjeld det AKAN relaterte urfordringar, søk støtte hjå AKAN kontakt, bedriftshelsetenesta eller AKAN kompetansesenter.

Som leiar kan du hjelpa ein tilsett med problematisk bruk av alkohol, narkotika, legemidlar og spel samtidig som du tek vare på arbeidsplassen sine interesser. Dette kan du gjera ved å tilby den tilsette ein individuell Akan-avtale. Tilsette kan og sjølv be om ein individuell Akan-avtale for å endra eigne rus- eller spelvanar.

Arbeid mot rus og avhengigheit i Voss herad, AKAN

Tiltak

Å skapa eit grunnlag for førebygging av rusmisbruk og avhengigheit:

Voss herad følgjer AKAN-modellen—ein tre trinns modell

Retningslinje for AKAN

Den nødvendige samtalen

Eit tilbod om hjelp

Handling

- ⇒ Set temaet på dagsorden jamleg i relevante fora
- ⇒ Me ynskjer leiarar som tek opp bekymringar
- ⇒ og leiarar som reagerer på brot
- ⇒ Inkludera temaet i arbeidsmiljøarbeidet, i opplæring og rekruttering

Arbeid mot rus og avhengigheit i Voss herad, AKAN

Avhengigheit kan koma i ulike former, men i alle tilfelle har det konsekvensar for dei berørte.

Problematisk bruk kan definerast som:


- Når bruk av rusmidlar verkar forstyrrande på oppgåver og funksjonar som skal ivareta-kast i familien eller på jobben
- Når følelsesmessige band mellom menneske vert belasta og forstyrra av rusmiddel-bruken
- Når bruk av rusmidlar får helsemessige konsekvensar



I narkotikasaker, som i alkoholsaker, viser det seg at når det gjeld å opp-daga problem, er den sosiale kontrollen, samt leiarar og kolleger som «bryr seg» viktig.

Arbeidsplassen er ein unik arena for førebygging av problematisk rusmid-delbruk og speltferd. Her har me moglegheit til å fanga opp endringar hjå kvarandre og me har rutinar, roller og ansvar som gjer det mogleg å ta tak i problem på eit tidleg tidspunkt, og snu negativ utvikling hjå enkeltmen-neske.

Arbeid mot rus og avhengigheit i Voss herad, AKAN

 Voss herad

AKAN Retningslinjer i Voss herad:

For tilsette i Voss herad gjeld desse køyrereglane:

1. Voss herad er ein rusfri arbeidsplass. Det er uakseptabelt å møte på jobb påverka av rusmiddel. Det handlar òg om bakrus og al-kohollukt. Ved bruk av medikament som kan gje rusverknad oppmodar me til å informera næraste leiar om dette for eventuell tilrettelegging eller anna justering. Kollegaer har plikt til å seia frå.
2. Pengespel og dataspel skal ikkje påverka utføringa av ordinære arbeidsoppgåver.
3. Sosiale arrangement i Voss herad sin regi, gjeld òg utanfor ar-beidstid, skal vera inkluderande for alle. Alkoholservering er aldri hovudaktivitet under våre arrangement. Når alkohol vert servert, vil det alltid vera eit alkoholfritt alternativ. Alle som deltek på slike arrangement, har ansvar for eige inntak.
4. Ved representasjon, reise, kurs/konferanse eller andre arbeidsre-laterte høve, ventar me måtehald frå tilsette. I desse situasjonane er ein å sjå på som representant for Voss herad. Ved slike høve skal ein og visa måtehald i fritida.
5. Ved bekymring eller brot på retningslinja, har næraste leiar an-svar for å snakka med den det gjeld, og fylgja opp vidare.
6. Heradet vil strekka seg langt for å hjelpe tilsette som har ruspro-blem eller speleavhengigheit. Me fylgjer Akan sin metode og støttetiltak for tilsette med problem. Voss herad vil nytta stan-dardformular for åtvaringar og individuelle Akan avtalar.
7. Firma eller enkeltpersonar som utfører arbeid eller tenester for Voss herad må retta seg etter denne retningslinja sine bestem-melsar og haldningar.